

Olaf Almenningen  
Oddmund Løkensgard Hoel  
Geir Martin Pilskog  
Håvard Tangen

# Studentar i målstrid

Studentmållaget i Oslo 1900–2000

Utgjeven av Studentmållaget i Oslo  
i kommisjon hjå Det Norske Samlaget  
Oslo 2003





## FØREORD

# Studentar i målstrid

Studentmållaget i Oslo er kalla det viktigaste mållaget i landet, og det er ikkje utan grunn. Laget har dyrka fram ein alternativ elite som har vore med på å byggja Noreg. Gjennom 100 år har laget fostra stortingspresidentar, politikarar, biskopar, forlagsfolk, kringkastingsjefar, statsrådar og mange andre som har hatt avgjerande innverknad på korleis landet ser ut i dag.

Eit slikt lag må skriva saga si ofte. Det har Studentmållaget gjort. Trass i det er det tid for ei grunnleggjande oppsummering av saga til laget etter hundre år. Arbeidet med boka tok til i 1997, og etter mykje ordskifte i laget fann me ut at det var von om å få laga eit storverk over dei fyrste 100 åra. Det tykkjer me at me har klart, og me er glade for at me no kan presentera *Studentar i målstrid*.

Det er mange som har vore involverte i skrive- og manusarbeidet med saga. Oddmund Hoel har skriva kapitla som dekkjer perioden 1900-1930. Allforsk ved NTNU i Trondheim vart engasjert i 1998 for å utarbeida manuskript for perioden 1930-2000. På oppdrag frå Allforsk gjorde Geir Martin Pilskog så mykje grundig og verdfullt kjelde- og manusarbeid. Håvard Tangen og Olaf Almenningen vart seinare engasjerte av Studentmållaget for å fullføra denne delen. Vidar Lund, Marit Aakre Tennø og Erik Bolstad har redigert saman kapitla og vedlegga.

Mange skal takkast for jobben dei har lagt ned i arbeidet med saga. Fyrst og fremst Guri Skeie, som leidde arbeidet i fleire år saman med Astrid Apalseth Vassbø. Hege Tangen har hatt ansvar for å skaffa bilete, og Gro Morken Endresen og Olav Helge Øvre har lese korrektur. Fram til 2002 la Lise Kvande, Roar Madsen, Øyvind Thomassen og Kjell Haugland ned eit godt stykke arbeid som referansegruppe. Lars Rottem Krangnes hjalp oss veldig i innspurten med bokproduksjonen. Andre i og utanfor laget har òg gjort ein innsats, og me vil takka alle så mykje. Ikkje få dugnadstimar er lagde ned her.

Dette er berre dei fyrste hundre åra åt laget. Me vonar boka blir til kveik for lagsarbeidet i åra frametter.

*Oslo, mai 2003*

*Sogenemnda til Studentmållaget i Oslo*

*Erik Bolstad Vidar Lund Marit Aakre Tennø*

# Forfattarane

## **Olaf Almenningen**

Fødd 1947 på Voss, no busett i Oslo. Cand.philol. med nordisk hovudfag, ped.sem., engelsk mellomfag og historie og samfunnskunnskap grunnfag. Han har skrive mange bøker og artiklar om norsk språkhistorie og nynorsk mål. Vart med i målungdomsrørsla i 1963 og var nestleiar i Norsk Målungdom i 1972-73. Han var dagleg leiar i Noregs Mållag 1976-1986 og har arbeidd som redaktør i Norsk Ordbok ved Universitetet i Oslo sidan 1987.



## **Oddmund Løkensgard Hoel**

Fødd 1968 i Trondheim, no busett i Jostedalen. Cand.philol. 1996 med nordisk hovudfag, historie mellomfag og leksikografi. Skreiv hovudfagsoppgåve om «Nasjonalisme i norsk målstrid 1848-1864» og har skrive fleire artiklar om norsk språkhistorie. Vart med i målungdomsrørsla i 1986 og har mellom anna vore skrivar og nestleiar i Norsk Målungdom og leiar i Noregs Mållag 1999-2002. Frå hausten 2003 stipendiat på Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda.



## **Geir Martin Pilskog**

Fødd 1970 i Ålesund, no busett i Kongsvinger. Cand. philol. med historie hovudfag, engelsk og administrasjon- og organisasjonsvitenskap grunnfag. Har vore med i landsstyret i Norsk Målungdom. Han har arbeidd ved Statistisk sentralbyrå sidan 1999.



## **Håvard Tangen**

Fødd 1976 i Vestfold, no busett i Oslo. Historiestudent på Universitetet i Oslo. Vart med i målungdomsrørsla i 1993, og har m.a. vore med i sentralstyret og landsstyret i Norsk Målungdom. Har vore skrivar i Skulebøknemnda frå 1995 og fram til i dag. Arbeider òg på Norsk Teknisk Museum.



# Innhald

FØREORD

STUDENTAR I MÅLSTRID 5

INNLEIING

NOREGS VIKTIGASTE MÅLLAG 9

KAPITTEL 1 1900-1919

STUDENTMÅLLET TEK

FORM 15

«Landets beste ungdom» fylkar seg 15

Lagsdrift og medlemmer 21

Folkeopplysning og forlagsverksemd 39

Kampen for 'norske embetsmenn' 52

Politisk radikalisme og språkleg  
reformisme 64

Studentmållet i målrørsla 81

KAPITTEL 2 1920-1929

MELLOM VENSTRESTATEN OG  
ARBEIDARPARTISTATEN 93

Politiske nyorientering og samarbeid  
med Mot Dag 94

*Fram* 101

Strid i laget 110

Lagslivet 117

Studentmållet i målrørsla 123

Overtydninglina mot lovlina 129

Eit norsk målakademi 142

«Fyrebils-Bibelen» 147

KAPITTEL 3 1930-1945

DEN NYNORSKE DELEN AV  
FOLKEFRONTEN 153

By og land – hand i hand 154

Laget stør samnorskreforma 161

Studentmållet inn Mållet 163

Strid i Studentersamfundet 165

Krav om nynorsk universitet 166

Krigstid 167

Studentmållet mellom Venstrestat  
og Arbeidarpartistat 169

KAPITTEL 4 1945-1959

FILOLOGISKE SPRÅK-  
TEKNOKRATAR 171

Eit lag dominert av humanistar 173

Rit frå møteverksemda 175

Vegbrøyting for nynorsken 178

Målpolitisk orientering 179

Ny strid om samnorsken 180

I opposisjon 182

Kringkastingsringen vert skipa 185

Samnorskarane tek makta i Mållet 185

Blad og kringkasting 188

Ein av sigerherrane 189

KAPITTEL 5 1960-1969

**FORNYING OG NYVAKNING FOR  
MÅLARBEIDET 191**

Målsak er kultursak 192

Nynorsk i pressa 194

Nynorske lærebøker 195

Noregs student- og elevmållag vert  
skipa 196

Dialektar og normaltalemål 198

Studentmållaget og  
Studentersamfundet 201

Målstrategi og samfunnsutvikling 203

ECOLM-konferansen i 1967 208

Distriktshøgskular til bygdemiljø 211

Målstrategi og samfunnskamp 220

KAPITTEL 6 1970-1979

**FRÅ KAMP MOT UTVIKLINGA TIL  
SPRÅKLEG FRIGJERING 223**

Stor aktivitet i lagsarbeidet 224

Strid om allmennpolitikk 228

Studentmållaget talar Roma midt  
imot 230

Dei største skulestreikane i norsk  
søge 232

Kampen om eittspråkslina 235

Fram for dialektane! 243

1. mai–strid 249

Lovsaka i NMU – meir strid 250

Nynorskklassar i Oslo? 251

1980 – målloffensiven stilnar av 252

KAPITTEL 7 1980-2000

**I GAMLE OG NYE FAR 255**

Språkleg undertrykking 257

Organisasjonslivet og aktivitetane  
elles 258

Talemål og anti-tradisjonalisme 260

Det bryggjar opp til ny strid 264

Lineskiftet i Studentmållaget kjem 269

Nynorske parallellklasser i Oslo 276

Mellom dei store slaga 278

Studentar i målstrid i hundre år  
– eit attersyn 282

**NOTAR 285**

**VEDLEGG OG STATISTIKK 299**

Medlemstal 1900-2002 299

Styre 1900-2003 301

Heiderslagsfolk 310

Nemnder, blad og fond 312

Norske Folkeskrifter 321

Lagssongar 325

Litteraturliste 328

Personregister 332

Helsingsliste 342

Detaljert innhaldsliste 345

## Noregs viktigaste mållag

Då nokre målstudentar skipa Studentmållaget hausten 1900, var det ein lekk i ein medviten strategi frå målrørsla for å vinna innpass for folkemålet på heimebana til den konservative dannelseseliten, som året før med Bjørnson som førar, hadde lyst krig mot landsmålet. Studentmållaget har vore ei av dei sentrale drivkreftene bak eit av dei mest paradoksale prosjekta i den norske målreisinga: Freistnaden på å skapa ein akademisk høgkultur innanfor ein skriftkultur og ei rørsle der 'det folkelege' har vore idealet.

Soga om laget er i stor grad soga om korleis det akademiske og det folkelege på ulike vis har vorte sameina. Som norskdomsrørsla elles, har Studentmållaget bygt på eit kulturideologisk grunnlag som i stor grad har rekna vidareføringa av den koloniale dansk-norske embetsmannskulturen som illegitim og uheldig. Men der mange andre organisasjonar og miljø innanfor norskdomsrørsla med brei pensel har kunna avvisa alt urbant, ufolkeleg og akademisk, har Studentmållaget tvert om definert seg innanfor ein borgarleg-akademisk og elitistisk kultur. Studentmållaget har ikkje representert ein antielitistisk motkultur, men hatt som siktemål å skapa ein alternativ elite med eit anna kulturgrunnlag. Studentmållaget har vore mållaget for dei som skulle fylla dei leiande posisjonane i samfunnet, og rekkja av statsrådar, stortingsrepresentantar, kringkastingsjefar, leiarar for kulturinstitusjonar, embetsmenn og folk i andre framstående posisjonar med bakgrunn i laget, syner òg at dette ikkje har vore tomt prat og ynsketenking.

Studentmållaget har levd i spenninga mellom dei to kulturane, og det har ikkje alltid vore like enkelt. Med ein fot i ein urban-akademisk kultur og éin i norsk bygdekultur, kunne både eitt og anna skje på festar og kulturelle tilstelingar i laget. Her finn ein nok òg ein del av forklaringa på at Studentmållaget var eitt av dei laga i målrørsla som sterkast slutta opp om samnorskstrevet, som tok sikte på å byggja bru mellom dei to skriftkulturane. På universitetet har målstudentane vore 'bønder i by'n', eit bilete dei dels har dyrka og dels har gjort det dei har kunna for å motprova. Då målstudentane fekk kontrollen i Studentersamfundet i 1923, let dei heilt medvite vekt på ikkje å ta eit oppgjer med studentikose urban-akademiske tradisjonar.

Med *Bondestudentar* av Arne Garborg i bakhovudet, kan det vera lett å sjå Studentmållaget primært som eit sosialt tiltak som skulle vera til hjelp og stønad for stakkarsleg bygdeungdom i byen. Som møtestad for nynorskbrukande studentar har Studentmållaget tvillaust vore viktig for å styrkja den språklege sjølvtiliten og gjera det lettare for nynorskbrukande ungdom å halda på målet sitt. Dette har likevel aldri vore ei hovudsak for Studentmållaget. Målstudentane har jamt over vore ressurssterk ungdom som sikkert hadde greidd seg utmerka utan Studentmållaget, og som primært har funne saman i laget for å driva målarbeid.

Arbeidet til Studentmållaget kan delast opp i nokre hovudområde. For det fyrste har laget arbeidd for handfaste målpolitiske saker der målet har vore å auka rommet for nynorsken i institusjonar og lovgjeving. Dei fleste sakene har naturleg nok vore knytte til den situasjonen målstudentane sjølve var i, hadde vore i eller rekna med å koma i. Retten til å bruka nynorsk på Universitetet var såleis den viktigaste saka det fyrste tiåret, og saker som gjeld språklege rettar for studentane er framleis eit sentralt arbeidsfelt for laget. Men laget har òg arbeidd for å auka rommet til nynorsken i gymnaset (sidemål, landsgymnas), det har engasjert seg i å fremja nynorsk i styringsverket, og det har arbeidd for nynorske parallellklassar i grunnskulen i Oslo.

For det andre har laget heilt frå byrjinga lagt ned eit stort arbeid i reisinga av den nynorske skriftkulturen. Alt i 1902 kom Folkeskriftnemnda og Skuleboknemnda i gang som meir eller mindre reine forlagstiltak – den siste er framleis i arbeid. Viktigast var sjølv sagt den fyrste nynorske Bibel-omsetjinga som laget gav ut i 1921. Her kan me òg rekna arbeidet som elles vart gjort med terminologi- og fagspråkutvikling, og det meir forskingsprega arbeidet som vart drive gjennom Målførenemnda og Folkeminnenemnda.

For det tredje har Studentmållaget fylt ei viktig rolle som tenkjeloft i målrørsla. Det er gjerne mellom målstudentane at ny vitskapleg innsikt og nye allmennpolitiske straumdrag fyrst har vorte omsette i ideologisk og strategisk nytenking. Eit utslag av dette har vore at det allmennpolitiske engasjementet jamt over har vore større i Studentmållaget enn i andre delar av målrørsla. Lagsmøta har i heile saga til laget vorte brukte til langt meir enn reine målpolitiske tema, og laget har engasjert seg sterkt i saker som ikkje har hatt noko direkte med 'rein' språkpolitikk å gjera, som republikkstriden i 1905, sosialpolitiske spørsmål i 1920-åra, to EF-/EU-kampar, globaliseringsspørsmål i vår tid og ikkje minst sær mykje ulikt gjennom 1970-åra. Dette engasjementet har ofte vore kontroversielt, men har òg vore avgjerande for å gjera Studentmållaget til eit ideologisk sentrum og ei nytenkjande kraft i målrørsla.

For det fjerde har Studentmållaget vore heilt sentral i å byggja ut organisasjonar og institusjonar i målrørsla, og som rekrutteringsorgan. Studentmållaget spela ei viktig rolle i skipinga av Noregs Mållag i 1906 og stod bak skipinga av

Noregs student- og elevmållag (seinare Norsk Målungdom) i 1961. Laget tok dei fyrste initiativa både til Norsk Målørkingslag og Oslo Fylkeslag (seinare Bygdelaqssamskipnaden i Oslo), og mykje av forklarinqa er den rolla Studentmållaget har hatt som arena for diskusjonar i nynorskkeliten i hovudstaden. Ei rad sentrale tillitsvalde i Noregs Mållag og andre nynorskorganisasjonar har hatt læreåra sine i Studentmållaget, og folk med ei fortid i laget har gjerne vorte sentrale i og vore ein stor ressurs for mållag og fylkeslag kringom i landet når dei har flytt frå Oslo. Og kraftigast skal det kanskje strekast under at Studentmållaget har vore den uoffisielle ungdomsorganisasjonen til Det Norske Samlaget i det meste av soga si. Gjennom dei mange publiseringstiltaka sine har Studentmållaget vore ein skule i forlagsdrift, og det har gått ein jamn straum frå laget til Samlaget, både som forlagstilsette, styremedlemer, uformelle kontaktar og forfatarar og andre medarbeidarar.

Om ein skal bli nærsynt og sjå på sjølve lagsdrifta, er det fyrst og fremst ein påfallande stabilitet som fell ein i augo. I motsetnad til dei aller fleste andre mållag, finn ein ingen store brot eller opphald i drifta til Studentmållaget. Bortsett frå nokre år under krigen, har laget vore i samanhangande aktivitet, og ikkje på eit einaste tidspunkt har det skranta slik at ein har hoppa over eit årsmøte eller det har vore naudsynt med ei oppattskiping. Det er eineståande, og det gjer Studentmållaget til ei av dei aller eldste nolevande studentforeiningane i landet. Denne kontinuiteten er mest påfallande når ein ser korleis både heile det norske samfunnet, dei akademiske institusjonane, studentmiljøet og særleg stoda for nynorsken har endra seg dramatisk gjennom dei siste hundre åra.

Forklarinqane på stabiliteten er fleire. Viktig er det nok at Studentmållaget heile tida har fått ei jamn forsyning av dyktig ungdom frå vidaregåande skular rundt i landet, og særleg i nynorskområda. Mange av dei har òg bakgrunn frå lokale målungdomslag. Dei siste tiåra har hopehavet med Norsk Målungdom vore viktig, og Studentmållaget har vore ein del av eit større målungdomsmiljø i hovudstaden der ein har sytt for at det alltid er nok aktivistar til å driva både landsorganisasjonen og det største og viktigaste lokallaget. Dessutan skal ein nok ikkje gløyma ei hovudsak med det å vera nynorskbrukar på Universitetet i Oslo: Det er framleis ikkje enklare enn at mange studentar frå nynorskbygdene i dag òg kjenner behovet for eit studentmållag på kroppen.

Ein skal vera varsam med slike kårinqar, men me er ikkje mykje i tvil når me utropar Studentmållaget i Oslo til Noregs viktigaste mållag. Som denne framstillinga vonleg vil få fram, hadde stoda for nynorsken vore heilt annleis i dag hadde det ikkje vore for aktiviteten til Studentmållaget gjennom 100 år.

## Om boka

Me har valt å leggja ei kronologisk ordning til grunn for boka slik at kapitla med nokre unntak dekkjer tiårsbolkar. Innanfor kvart kapittel har me så følgt

tematiske og ikkje kronologiske liner. Dette er såleis ikkje ei bok der ein kan følgja aktiviteten til laget systematisk frå semester til semester, slik ein kan i dei tidlegare jubileumsskrifta. Derimot vonar me at ein del lengre liner kjem noko klårare fram her.

Det har kome fleire jubileumsskrift om Studentmållaget. I 1911 kom *Studentmaallaget. 10-aarsmelding* på fire sider som særleg er viktig fordi møteboka fram til 1909 er borte. Til 20-årsjubileet kom *Studentmaallaget i 20 aar* (av Einar Breidsvoll, 1920, 24 sider) og eit par grundige avisartiklar, til 25-årsjubileet vart det skrivi ein lengre avisartikkel, og i 1935 kom *Studentmållaget i Oslo 35 år* (23 sider). Det viktigaste jubileumsskriftet er *Studentmållaget 50 år* (1952, 333 sider) som er ei artikkelsamling dels med kronologisk framstilling av lagssoaga, og dels med temaartiklar. Dessutan er det kome nokre spreidde tidsskriftartiklar om hendingar i lagssoaga og eit temanummer av *Mål og Makt* til 80-årsjubileet (nr. 3-4/1980).

Av desse har særleg femtiårsskriftet vore viktig, og ein har vore inne på tanken om det hadde noko føre seg å nyskriva soaga om dei fyrste femti åra. Det har likevel vist seg naudsynt. Artiklane er særst ujamne, frå høgt kvalifiserte historiske artiklar til lite presise minneartiklar. Framstillinga har dessutan ein del hol, ho er fragmentarisk på den måten at ho i stor grad tek føre seg femårsbolkar og listar opp aktiviteten kronologisk, og ved ein nærare gjennomgang har presisjonsnivået i ein del av artiklane vist seg å vera lite tilfredstillande. Når det er sagt, har boka vore til svært stor hjelp i arbeidet med dei fyrste femti åra. For ein del artiklar og emne er arkivtilfang seinare kome bort, og mest alle artiklar er skrivne av personar som sjølve var aktive i perioden og såleis kan formidla opplevingar og hendingar som ikkje går fram av det skriftlege tilfanget. Jamt over er også femtiårsskriftet meir detaljert enn det har vore rom for i vår framstilling. Me har i større grad sett det som vår oppgåve å gje ei framstilling av desse åra gjennom lengre lengdesnitt og tematiske samanhengar, sjølvstundtåt å sjå lagssoaga i ljøs av seinare gransking av soaga til norskdomsrørsla og andre relevante emne.

For dei fyrste førti åra finst det dessutan to hovudoppgåver i historie: Marit Bernsen (1975) om den sosiale argumentasjonen mellom målstudentar 1920- og 30-åra, og Ellen Rodvangs avhandling (1999) om målstudentar fram til 1910. Attåt dette har Reidun Høydal levert viktige tilskot til forskinga på målakademikarane dei siste åra. Det må strekast under at framstillinga vår står i langt større gjeld til desse forskingsarbeida enn det som kjem fram i kjelde- og litteraturtilvisingane. Desse arbeida har vore til svært stor hjelp både når det gjeld å finna fram til kjelder og til å sjå overordna perspektiv og liner.

Kjeldesituasjonen for Studentmållaget er etter måten god, og det er tida me har hatt til rådvelde og ambisjonane for boka meir enn tilgangen på kjelder som har vore styrande for kor grundig me har kunna gå til verks. I lange periodar vart lagsarkivet teke godt vare på av lagsveteranar som Fredrik Wexelsen og Jon

Ous og midt i 1990-åra vart det deponert på Riksarkivet. Laget stilte deretter ressursar til rådvelde slik at Håvard Tangen kunne bruka ein del månadsverk på å ordna arkivet. Dette har vore særskild viktig for arbeidet vårt. I det store og heile er arkivet både til laget og Skulebøknemnda komplett utan større lakuner. Det vil ikkje seia at det ikkje er hol. Møtebøkene for lagsmøta 1900-1909 og 1914-1918 er diverre borte – dei ser ut til å ha eksistert då femtiårsskriftet vart til. Det handskrivne lagsbladet *Heidrun* vart iallfall fram til 1918 ført inn i protokollar, og protokollen for 1911-1915 har me ikkje funne att. Frå 1918 og til bladet slokna sist i 1920-åra har det vore eit lausbladsystem, så her er det heller ikkje mykje att i dag. Også arkiva til viktige nemnder som Folkeskriftnemnda og Bibelnemnda er tapte eller særskilde skrinne. Heile tida har Jon Ous vore til stor hjelp, også med personleg arkivtilfang han har stilt til rådvelde for oss.

Me har likevel fått oss gledelege overraskingar. Våren 2002 tok Nasjonalbiblioteket i Oslo kontakt med Studentmållaget fordi dei hadde funne nokre arkivsaker etter Studentmållaget i Anton Aure-samlinga, som skulle overførast til Ivar Aasen-tunet. Attåt eit trettitals dokument, hovudsakleg frå 1920-åra, dukka her lagsmøteboka for dei viktige åra 1923-29 opp. Og skal ein dra fram ei positiv side av at denne boka kjem ut nokre år etter at ho skulle, var det at kapitlet om 1920-åra måtte reviderast kraftig etter at denne møteboka kom til rette. Ein skal såleis ikkje sjå bort ifrå at meir tilfang frå arkivet til Studentmållaget kan finnast i sakene etter avlidne målmenn.

Dette er ikkje meint å vera den definitive saga om Studentmållaget i Oslo. Tvert om vonar me at denne boka kan vera med på å inspirera studentar, forskarar og andre til å gå laus på saga til laget, særleg dei felte som me ikkje har greidd å dekkja fullnøyande.